



Arkivnr: 2015/11453-167  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		24.01.2019

### Fastsetting av forskrift for Fagskolen i Hordaland

#### Samandrag

Styret sende revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland på open høyring 01.10.2018, med frist 12.11.2018. Det er kome inn to høyringsuttalar etter fristen; éin uttale frå Fagskolen i Hordaland og éin uttale frå Tekna. Etter at styret har handsama og vedteke revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland i møte 24.01.2019, vil den verta sendt til Norsk Lovtidend.

#### Forslag til vedtak

1. Forskrift for Fagskolen i Hordaland vert vedteken slik det kjem fram av saka.
2. Fagskolen må ettersjå at krava til sensorar sine kvalifikasjonar er tydeleg omtala i skulen sin kravspesifikasjon.
3. Fagskolen må sikre at eksamensreglement og reglar om kjeldebruk er lett tilgjengeleg på heimesida.
4. Fagskolen må evaluere dagens praksis med mappevurdering/emnekarakter for å sikre at denne er i tråd med gjeldande lov.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Høyringsuttale - Forskrift for Fagskolane i Hordaland
- 2 Høyringsuttalelse fra Tekna.
- 3 Revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland 240119

## Fylkesrådmannen, 10.01.2019

Styret sende revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland på open høyring 01.10.2018, med frist 12.11.2018. Det er kome inn to høyringsuttalar etter fristen; éin uttale frå Fagskolen i Hordaland og éin uttale frå Tekna. Etter at styret har handsama og vedteke revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland i møte 24.01.2019, vil den verta sendt til Norsk Lovtidend.

Dei to høyringsuttalane og revidert forskrift for Fagskolen i Hordaland ligg som vedlegg til saka.

Vidare vert dei to høyringsuttalane omtala kvar for seg.

### Uttale frå Fagskolen i Hordaland

#### § 3-4 Rett til å gå opp til eksamen

I høve «§ 3-4 Rett til å gå opp til eksamen» første ledd, peikar fagskolen på at eit emne må kunne verte bestått sjølv om ein prøve ikkje er bestått, så lenge alle arbeidskrav er oppfylt/innfridd. Skulen syner til § 3-1 tredje ledd som seier at «For å bestå emnet må alle arbeidskrava vere innfridd.»

Dette er riktig, men administrasjonen ved opplæringsavdelinga meiner at dette er dekkja av § 3-4 som syner til studieplanen for kva som er arbeidskrava. Arbeidskrava i studieplanen kan til dømes vere at 10 av 15 innleveringar må vere bestått. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga meiner det ikkje er naudsynt å presisere dette i forskrifta.

#### § 3-9 fusk eller forsøk på fusk

Vidare meiner fagskolen at det i § 3-9 om fusk eller forsøk på fusk bør vere ein omtale om plagiat ved innleveringar/arbeidskrav. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga støttar innspelet om at det bør kome fram av forskrifta at reglane også gjeld i høve til arbeidskrav og vil føreslå ei justering av § 3-9 som følgjer:

Opphavelig tekst	Ny tekst
<p><b>§ 3-9 Fusk og forsøk på fusk</b></p> <p>(1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskolen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskolen for vidare handsaming. Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskolen.</p>	<p><b>§ 3-9 Fusk og forsøk på fusk</b></p> <p>(1) Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under <u>eksamen, prøve eller innlevering</u> eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglement eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskolen. Om det under eksamenar eller prøver med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til administrasjonen ved fagskolen for vidare handsaming. Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskolen.</p>

Skulen sitt eksamensreglement vil vidare omtale tilhøve knytt til plagiat.

## Uttale frå Tekna

Tekna gjev uttale til paragrafar i kapitla 2, 3 og 5, og dette vil verte kommentert under kvart kapittel.

### **Kapittel 2. Opptak, studierett og progresjon**

Tekna syner til «§ 2-8 Ansvar for opptak» og meiner at forskrifta må angi storleik på opptakskomiteen, samt spesifisere komiteens samansetning og krav til medlemmane sin kompetanse. Tekna meiner det er viktig at dei aktuelle utdanningane er representert ved personell frå leiinga og/eller pedagogisk personell.

§ 2-8 er som følgjer:

#### **§ 2-8 Ansvar for opptak**

Rektor er ansvarleg for opptak og skal på vegner av styret sørge for at opptaka til fagskuleutdanningane blir gjennomført korrekt. Rektor nemner opp medlemmer til opptakskomiteen. Komiteen skal gjennomføre det praktiske opptaket og vurdere realkompetanse. Komiteen er sett saman av administrativt og pedagogisk tilsette. Det er rektor som fattar endeleg vedtak om opptak.

Opptaket ved fagskulen vert gjennomført etter objektive kriterium i høve til poeng basert på relevant fagbrev til utdanninga og karakterar. Kva fagbrev som er relevant for opptak ved dei einsskilte utdanningane, er fastsett i studieplanen til den einsskilte utdanninga. Det er administrasjonen ved fagskulen som har det praktiske ansvaret for opptaket og knyter til seg relevant pedagogisk/fagleg personell frå dei ulike avdelingane når det er naudsynt med meir inngåande innsikt i opptaksgrunnlaget ved til dømes opptak på grunnlag av realkompetanse. Det er få søkjarar på bakgrunn av realkompetanse og talet varierer frå år til år, og storleiken på opptakskomiteen vil såleis også variere frå år til år. På bakgrunn av dette meiner administrasjonen ved Opplæringsavdelinga at det ikkje er naudsynt å konkretisere krava og storleiken til opptakskomiteen i større grad enn at den er sett saman av administrativt og pedagogisk tilsette. Leiinga er representert i opptaksprosessen ved at det er rektor som fattar endeleg vedtak.

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga føreslår at Tekna sitt endringsforslag til § 2-8 ikkje vert teke til følge.

### **Kapittel 3. Vurdering og eksamen**

#### § 3-1 Vurdering og arbeidskrav og § 3-2 Karakterskala og vurderingsuttrykk

Tekna syner til at det manglar bokstavane A og F i §§ 3-1 og 3-2. Dette må vere ein formateringsfeil i visninga når Tekna har skrive sin uttale, då desse bokstavane ikkje manglar i forskriftsdokumentet som har vore på høyring.

I høve til «§ 3-2 Karakterskala og vurderingsuttrykk» peikar Tekna på at det i omtalen av karakter F i alle dei tre tabellane må stå at karakteren F – ikkje bestått - også må verta nytta for tilfelle der studenten ikkje har oppfylt alle arbeidskrava eller fleire tema som omtalt i § 3-1 tredje ledd.

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga meiner at karakterskalaene og vurderingsuttrykket omtalar kva vurderingsuttrykk som vert nytta og kva dei einsskilte karakterane betyr. Såleis bør det ikkje stå i omtalen av dei einsskilte karakterane i tabellane kva tilhøve dei er gjeldande for. Vidare meiner administrasjonen at dette kjem tydeleg fram av § 3-1 tredje ledd at karakteren F vert gjeve dersom arbeidskrava ikkje er oppfylt.

§ 3-1 tredje ledd er som følgjer:

«Vurdering med emnekarakter for kvart emne vert gjort på grunnlag av arbeidskrava for emnet. For å bestå emnet må arbeidskrava vere innfridd. Når emnekarakteren vert fastsett, blir det gjort på grunnlag av arbeidskrava. Dersom ein student ikkje har oppfylt alle arbeidskrava i eitt eller fleire

tema, vil sluttarakter i emnet bli F – ikkje bestått, og studenten har såleis ikkje rett til å gå opp til eksamen. Sjå også § 3-4 Rett til å gå opp til eksamen.»

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga føreslår at Tekna sine endringsforslag til § 3-2 ikkje vert tekne til følgje.

### § 3-3 Sensur ved avsluttande vurdering og eksamen

Tekna gjev følgjande uttale om § 3-3:

«§ 3-3 (1). «Styret delegerer til rektor å nemne opp sensor ved eksamen, prøve, vurdering av oppgåver eller anna arbeid når resultatet er del av vitnemålet eller vert rekna inn i karakter for utdanninga, jf. fagskulelova § 21.»

Vi savner faglige kvalifikasjonskriterier for sensor for de forskjellige typer vurderinger. Noen vurderinger utføres av faglærer, andre vurderinger må gjøres av sensor som hentes inn til Fagskolen.

Tekna mener at eksamen må vurderes av to sensorer, en intern og en ekstern (som i Fagskoleloven §§ 22 og 23 om ny sensur.

§ 3-3 (3). «Minst ein sensor skal vere ekstern»

Det må presiseres hva som etter Fagskoleloven § 21 menes med «...minst en sensor skal være ekstern». Tekna mener at det må presiseres at ekstern sensor er sensor som ikke er ansatt i Hordaland fylkeskommune.»

I høve til Tekna sin uttale om § 3-3 første ledd i forskrift for Fagskolen i Hordaland så omtalar ikkje §§ 22 og 23 i fagskulelova ny sensur, men rett til grunngjeving, klage på karakterfastsetting og klage på formelle feil ved eksamen. § 21 i fagskulelova omtalar avsluttande vurdering, eksamen og sensur (<https://lovdata.no/lov/2018-06-08-28/§21>) og stadfestar mellom anna at styret nemner opp sensor. Fordi det ikkje står at «styret sjølv» skal nemne opp sensor, kan styret delegere dette til rektor. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga meiner at det ikkje bør vere for detaljerte omtalar i forskrifta av kva kvalifikasjonskriterier sensorar for dei forskjellige type vurderingar skal ha. Skulen har eige dokument som stiller krav til sensor sin kompetanse. Samtidig er administrasjonen ved opplæringsavdelinga einig med Tekna i at det er viktig med gode dokument som omtalar dei faglege kvalifikasjonskriterier for sensorane, og meiner at fagskolen kan vurdere om dagens kvalifikasjonskriterium ved dei ulike vurderingsformene er tilstrekkeleg omtala.

I høve til § 3-3 tredje ledd meiner administrasjonen ved opplæringsavdelinga at det ikkje er noko i vegen for at det vert nytta sensorar som er tilsett ved andre skular i Hordaland fylkeskommune. Fagskolen nyttar hovudsakleg eksterne sensorar frå andre fagskular i andre fylke, men så lenge eksterne sensorar fyller krava til kvalifikasjonar og ikkje er tilsett ved Fagskolen i Hordaland, meiner administrasjonen ved opplæringsavdelinga at dette er tilstrekkeleg. Uttalen i høve til § 3-3 vert såleis føreslått ikkje teke til følgje.

### § 3-9 Fusk og forsøk på fusk

Tekna gjev følgjande uttale i høve til § 3-9 første ledd:

«§ 3-9 (1). «Eksamensreglement og reglar for kjeldebruk finn ein på heimesida til fagskolen.» Denne setningen biter seg selv i halen. Det er vanskelig å finne «eksamensreglementet» på hjemmesiden til skolen. Når en finner det, er det en link til forskrift for fagskolen i Hordaland, og med henvisning til kapittel 3. Det er ikke noe Eksamensreglement og regler for kildebruk å finne på hjemmesiden.»

Administrasjonen ved opplæringsavdelinga er einig med Tekna i at eksamensreglement og reglar for kjeldebruk må vere lett tilgjengeleg på skulen sine heimesider slik det står i forskrifta. Fagskulen må sørge for at dette vert ordna.

## **Kapittel 5 Klage og klagehandsaming**

### § 5-1 Klageinstans

Tekna gjev følgjande uttale i høve til § 5-1 om klageinstans:

«§ 5-1 (2). «Den lokale klagenemnda har fem medlemmer....»

Tekna mener at beslutninger rektor har tatt, og vurderinger faglærer har gjort, ikke skal klagebehandles av rektors og faglærers kollegaer i Hordaland fylkeskommune. Dette må det tas hensyn til ved sammensetting av lokal klagenemnd.

Når en rektor gjør vedtak gjør han det på vegne av skoleeier Hordaland fylkeskommune. Når en lærer vurderer og setter karakter gjør han det også på vegne av skoleeier Hordaland fylkeskommune. I begge tilfeller er det gjort enkeltvedtak etter Forvaltningsloven. Det kan komme klage på disse vedtakene. Forvaltningsloven sier at enkeltvedtak skal påklages til det forvaltningsorgan som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket. Forvaltningsorganet overordnet Hordaland fylkeskommune er fylkestinget, eller særskilt klagenemnd oppnevnt av fylkestinget.

Fagskoleloven § 20 sier at fagskoler skal opprette en lokal klagenemnd som skal behandle klager over enkeltvedtak. Med bakgrunn i prinsippene for klagebehandling i Forvaltningsloven mener Tekna at medlemmene av lokal klagenemnd ikke kan være arbeidstakere i Hordaland fylkeskommune, Klagebehandling er i utgangspunktet lagt til fylkestinget. Når Fagskoleloven sier at det skal opprettes lokal klagenemnd mener vi at deltakerne i denne ikke må ha nærmere relasjon til fagskolen enn medlemmer av fylkestinget. Vi mener at medlemmer av lokal klagenemnd kan være medlemmer av Fylkestinget i Hordaland. I den grad man må knytte til seg faglig og skolemessig kompetanse må det hentes fra andre fylkeskommuner.»

Samansetninga av den lokale klagenemnda er i tråd med fagskulelova § 20. Leiar og vara for leiar skal oppfylle lovens krav til lagdommarar og ikkje vere tilsett ved fagskulen. Den lokale klagenemnda som er oppnemnt av styret, har ein leiar som ikkje er tilsett i Hordaland fylkeskommune, og ein vara som er tilsett ved Opplæringsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. Begge oppfyller lovens krav til lagdommarar. Vidare er det to medlemmer og to varamedlemmer i den lokale klagenemnda frå Fagskolen i Hordaland, Yrkesdykkerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet og Kunstscolen i Bergen. Dette er også i tråd med fagskulelova. Det er ikkje riktig som Tekna skriv, at det er fylkestinget som har kompetanse i klagesaker for Fagskolen i Hordaland. Kompetansen ligg til styret jf. fagskulelova. Fagskulelova er ei særlov og vil såleis gå framfor forvaltningslova.

I høve til fastsetting av karakter vert det oppretta ny sensur, og den lokale klagenemnda handsamar såleis ikkje klager på fastsetting av karakter.

På bakgrunn av dette føreslår administrasjonen ved Opplæringsavdelinga at Tekna sin uttale til § 5-1 ikkje vert teke til følge.

### § 5-3 Klage på mappevurdering/emnekarakter og § 5-4 Klage på eksamen

Tekna gjev følgjande uttale i høve til §§ 5-3 og 5-4:

«§ 5-3 (2) andre linje. «..., skal det verta gjort ei ny fagleg vurdering av annan part.»

Vi mener at «annan part» må presiseres. Vi mener det må være en part utenfor skoleeier Hordaland fylkeskommune for at en vurdering foretatt av en pedagog ikke skal kunne overprøves

av en kollega.

§ 5-4 (1). «...og minst ein sensor skal vere ekstern..»

Det må presiseres at ekstern sensor er sensor som ikke er ansatt i Hordaland fylkeskommune.»

§ 5-3 andre ledd om klage på mappevurdering/emnekarakter er som følger:

«Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før det vert sett fram klage.»

I høve til § 5-3 andre ledd meiner administrasjonen ved opplæringsavdelinga at Tekna løftar fram ei vanskeleg men viktig problemstilling. Fagskulelova er noko uklår i høve til sensur ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav. Dei fylkeskommunale fagskulane har lik praksis i høve til mappevurdering/emnekarakter, og det har vore drøfta i fagskulemiljøet nasjonalt om denne praksisen er heilt i tråd med fagskulelova. I dag vert det praktisert slik at det er faglærarar som gjev vurdering på arbeidskrav, og at det ved klager vert gjort ei ny vurdering av ein annan faglærar ved fagskulen. I løpet av eit skuleår er det mange studentar som klagar på vurderingar ved slike arbeidskrav, noko som er naturleg fordi det er mange arbeidskrav og mange studentar. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga meiner at fagskulen må løfte dette nasjonalt med andre fagskular og NOKUT for å få ei avklaring, og samtidig vurdere om skulen skal endre måten å gjennomføre mappevurdering/emnekarakter på. Dersom lova skal tolkast slik at det skal vere ekstern sensur ved alle prøver, innleveringar og arbeidskrav, vil dette bli svært kostnadskevjande, og fagskulen må i så fall gjere endringar i dagens praksis for å imøtekome krava i fagskulelova. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga føreslår at § 5-3 ikkje vert endra i denne omgang, men at det må vurderast på nytt når fagskulen har konkludert om dagens praksis.

I høve til Tekna sin uttale om § 5-4 syner administrasjonen ved opplæringsavdelinga til uttale og konklusjon i høve til § 3-3 om ekstern sensor over.